

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 47/2007

Møtedato: 4.7.07

Arkiv nr: F 403

F 403, Jaslangen – oppføring av steinmur

Fjellstyret har fått melding om at det er ført opp ein steinmur mellom hyttefeste 403 og 115 på Jaslangen. Arbeidet er utført av hyttefestar Eivind Rudlang (F403). Han har i e-post datert 2.7.07 orientert om saka. Han skriv her at han har fått løyve frå fjellstyret til å føre opp ein mur etter befarung saman med fjelloppsyn Endre Hemsing.

Fjelloppsyn Endre Hemsing var med på ei befarung her for fleire år tilbake for å sjå på ei løysing. På befarung deltok Eivind Rudlang og Torstein Berge. Hemsing opplyser at ein såg på eit alternativ der kvar av festarane kunne legge ein stein på kvar side av den store som låg der frå før. Nokon mur var ikkje aktuell å føre opp.

Etter befarung la Torstein Berge ein stein ved sidan av den store steinen som var her frå før. No har Eivind Rudlang maskinelt grave opp stein i terrenget og mura vidare i to høgder. Samla lengde på muren blir ca 10 meter og maksimal høgde er 1,4 meter. Berge bad han stoppe arbeidet inntil saka var behandla av fjellstyret. Rudlang stoppa arbeidet, men opplyser at han ynskjer å fullføre muren i same høgde heile vegen. Vidare arbeid med muren vil utstå til saka er behandla ferdig.

Oppføring av slike murar krev godkjenning frå Statskog som grunneigar og fjellstyret gir uttale til saka.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at Statskog godkjenner den løysing som vart skissert under befarung med at kvar av partane får legge ein stein på kvar side av steinen som låg her frå før. Oppført mur må fjernast og området setjast i stand att slik det var før inngrepet.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 5.7.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Eivind Rudlang
Torstein Berge